

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE-649, FE-223	20/998

Saknr	Utval	Type	Dato
106/2020	Formannskapet	PS	17.11.2020

Søknad om ekstraløyving til orgel i Frøyset kyrkje

Vedlegg:

Journalposttittel

Brev til kommunestyret om ekstraløyving

Dato

06.11.2020

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune løyver inntil kr. 50.000,- til fellesrådet, som delfinansiering av nytt orgel Frøyset kyrkje

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Fellesrådet har komme med ein søknad om støtte til nytt orgel Frøyset kyrkje, og ber om ei kommunal løyving til at Frøyset kyrkje kan få eit sårt tiltrengt orgel, ved å løyve inntil kr. 100.000 til dette føremålet.

Fakta

Ein uformell førespurnad til ein leverandør av digitale kyrkjeorgel tilseier at det skal vere mogleg å få sett opp eit slikt orgel innan ei kostnadsramme på 300.000 kr. Fellesrådet har alt motteke ei gåve på 200.000 kr frå ein privat gjevar. Orgelnemnda vil i tillegg ta initiativ til eit spleiselag for orgelet. Om det er mogleg å få noko ved eit eventuelt sal av det noverande orgelet, veit ein ikkje.

Vurdering

Kommunen har fått ein pott koronamidlar som regjeringa har løyvd til kommunane som skal gå til vedlikehald og rehabilitering av bygg og anlegg i kommunane, kor desse og kan nyttast til vedlikehald av kyrkjer/gravplasser. Orgel kan vel ved ei brei vurdering definerast som anlegg

K_nr	Kommune/fylke	Innbyggere per 1.1.2020	2 mrd. kroner fordelt etter innbyggertall	0,5 mrd. kroner fordelt etter helt arbeidsledige	Samlet
4634	Masfjorden	1 691	0,6	0,1	0,7

Vi har ikkje tatt stilling til korleis desse midlane skal brukast, og potten er ikkje så stor, og når fellesrådet legg opp til eit spleiselag, og kostnaden er kalkulert til under 300.000,-, så tilrår ein at

inntil kr. 50.000 vert løyvd til Fellesrådet.

Konklusjon

Masfjorden kommune løyver inntil kr. 50.000,- til omsøkt føremål

Formannskapet - 106/2020

FS - behandling:

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Masfjorden kommune løyver inntil kr. 50.000,- til fellesrådet, som delfinansiering av nytt orgel
Frøyset kyrkje